

Prosjekttittel : FORREGION VESTLAND – MOBILISERING TIL MEIR FORSKING I BEDRIFT

Kvalitet (Excellence)

Utlysingsrelevans

Formålet med prosjektet er å mobilisere næringslivet til i større grad å nytte forskning i innovasjonsarbeidet.

Det nye Vestland fylke har energi, prosessindustri, landbruk, marin, maritim, IKT, bygg og verdikjede knytt til reiseliv som sentrale næringsområde. Alle disse har stort omstillingsbehov og unytta potensial for berekraftig verdiskaping. Med meir bruk av forskning skal bedriftene støtte og forsterke eit klimanøytralt, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv, og slik bidra til fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Prosjektet er ein del av fylkeskommunen si langsiktige satsing på mobilisering til forskning og vert planlagt over 3 år. Søknaden gjeld aktivitet i 2021.

Det er ei utfordring at bedrifter i Vestland fylke ikkje nyttar forskning som verktøy i sine innovasjonsprosessar i den grad ein kan forvente gitt næringsstruktur og kunnskapsmiljø (jfr Indikatorrapporten, 2020, Forskningsrådet). Dei når heller ikkje tilstrekkeleg opp i konkurransen om nasjonale midlar til Innovasjonsprosjekt i næringslivet (IPN). Dette står i kontrast til at Vestland har nokre av dei mest verdiskapande næringsmiljøa i landet, med svært høg eksportverdi og viktige universitet, høgskular og forskingsinstitutt.

FORREGION Vestland er forankra i Utviklingsplan for Vestland fylke (2020 – 2024) med overordna visjon: Nyskapande og berekraftig. Ein sentral strategi er *Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap og Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon*". Prosjektet er også forankra i regional plan for innovasjon og næring som er under utarbeiding. Planen skal legge til rette for smart spesialisering og avdekke nye forretningsområde med vekstpotensial.

FORREGION Vestland sitt bidrag er å styrke konkurransekrafta til bedrifter ved hjelp av forskning.

Bakgrunn og behov

HOVEDMÅL

Meir bruk av forskning i næringslivet som kan bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i Vestland fylke.

DELMÅL

- 1) Høg kvalitet på aktivitet i prosjektet og leveranse i tråd med fastsett prosjektplan.
- 2) Nye samarbeidsformer om mobilisering til forskning som legg betre til rette for at bedriftene kan tileigne seg og ta i bruk ny kunnskap (auka absorpsjonskapasitet)
- 3) Reduserte geografiske skiljeliner med omsyn til bruk av forskning mellom by og land i heile det nye fylket, og auka erfaringsdeling på tvers av sektorar.

Innretting for å nå delmåla:

- 1) Vestland fylkeskommune skal gjennomføre FORREGION Vestland i partnerskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Vestlandsforskning. Partnerane har over fleire år vore arbeid med mobilisering til forskning og deltaking i tidlegare FORREGION-prosjekt. FORREGION Vestland tek med seg mykje erfaring og høg kompetanse innan forskingsmobilisering som grunnlag for leveransen.
- 2) Innovasjon og omstilling vert ofte utvikla i samspel mellom aktørar med ulike kunnskap. Ei nyleg utført scenarioanalyse for Vestland (EY, 2020) og nyleg avslutta innovasjonsforskning finansiert av RFF Vestlandet (HVL, 2020) syner den store betydninga av innovasjonssamarbeid. Dette skjer til dømes i møte mellom erfaringsbasert kunnskap i bedrifter og vitskapleg kunnskap i akademia, men også mellom ulike bransjar, teknologiar og fagfelt. Særleg er potensialet stort om samspelet skjer mellom relaterte bransjeområde, der avstand mellom fagkunnskap ikkje er stor. Ei interaktiv forståing av

drivkraft for innovasjon impliserer at samhandling er nødvendig for auka konkurransekraft. FORREGION Vestland vil bygge på og bidra til å styrka samhandling i innovasjonsøkosystem i fylket. Satsinga vil skje på tvers av bransjeområder.

FORREGION Vestland er forankra i den regionale partnerskapen «Næringsforum Vestland», med deltaking frå NHO, LO, IN, NAV, KS, UoH-sektoren m.fl. Knytt til dette er Regionalt FoU-forum Vestland etablert med personar frå verkemiddelapparat, forskingsorganisasjonar og næringsliv. Prosjektleiari Jone Engelsvold leiari FoU-forumet, som drøftar mobilisering til forskning i samanheng med relatert innsats frå heile det regionale økosystemet for innovasjon. Eit konkret tema til drøfting er å utvide kompetansemekling som metode, også i andre FoU-organisasjonar. Vestland fylkeskommune er med i nettverksprosjekta Horisont Vest og EU-Nett Sogn og Fjordane, og vil ta del i eit eventuelt nytt fylkesdekkjande nettverk. FORREGION Vestland skal også framover vere i dialog med desse, og tilby kompetansemekling for relevante bedrifter.

FORREGION Vestland skal halde fram med det godt etablerte samarbeidet med RFF Vestland og dei to FORREGION/Kapasitetsløfta i Vestland. Vestland har mange næringsklynger (7), næringshagar/kunnskapsparkear (7) og inkubatorar (5). Desse vil vere viktige samarbeidspartnarar. Vi skal også ha ein god dialog med Innovasjon Norge. Vestland fylkeskommune samarbeider med KS og Forskringsrådet regionalt om å ta i bruk kompetansemekling i kommunal sektor, og vil med eigne ressursar hente erfaring og kompetanse frå FORREGION Vestland. Læring og erfaringsutveksling skjer mellom anna gjennom Regionalt FoU-forum.

- 3) FORREGION Vestland skal arbeide for å redusere geografiske skiljelinjer med omsyn til bruk av forskning i heile det nye fylket, og søke målretta involvering av aktørar med komplementær rolle og kompetanse knytt til økosystem for innovasjon. Vi vil bygge vidare på erfaring frå innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane med ein sterkare grad av rural arbeidsplattform, basert på eit meir oversiktleg aktørbilete. Rurale innovasjonsmodellar er relevant for mobilisering til forskning i store delar av Vestland fylke utanom Bergensområdet. Den nye fylkeskommunen arbeider mykje med å knyte aktivitet i dei to tidlegare fylka nærare saman, mellom anna ved å legge vekt på dei forholda som bind saman, framfor det som skil. I store delar av fylket er det spreidd busetnad, samstundes som det også er fleire urbane område. Det meste av fylket reknar Bergen som det urbane sentrum og mange regionale særtrekk går på tvers av tidlegare fylkesgrenser. Dei kystnære områda har lang tradisjon for maritim industri/energi og ulike havnæringar, linjer som strekker seg frå Stadlandet i nord til Sveio i sør. Likeins har indre strom mykje til felles, med kraftbaserte industrietader i fleire fjordarmar, satsing på reiseliv og ei landbruksnæring basert på frukt, bær, grønt og ein beitebasert husdyrproduksjon. Til dømes knivar Sogn og Hardanger om kven som har den beste sideren. Det bind dei to saman. I FORREGION Vestland skal vi arbeide i heile fylket.

Aktivitetane i FORREGION Vestland:

Kompetansemekling er relevant for alle delmåla og hovudaktivitet i prosjektet.

Kompetansemeklingskorpsset er nøkkelaktørane i alle aktivitetane i FORREGION Vestland. Dei skal vere ansikt ut mot bedriftene. Kompetansemekling eignar seg til første kontakt med bedrifter som har liten erfaring med forskning, men kan også nyttast for å støtte vidare utvikling for bedrifter med noko forskingserfaring. I Hordaland/Sogn og Fjordane har kompetansemeklarane også følgt opp umodne og modne bedrifter som har starta arbeidet med FoU-prosjekt utan å lukkast i søknadsprosessar, og hjelpe med å finne rett søknadstype til sitt prosjekt. Meklinga kjem ofte til i samarbeid med RFF Vestland og Forskringsrådet sine regionansvarlege. Meklarane deltek også i prosjektverkstader saman med RFF og Forskringsrådet, med meklingsamtalar etter plenumssesjonar. Arbeidsforma er målretta mot å auke suksessraten inn mot RFF og Forskringsrådet (spesielt IPN) og vil halde fram i FORREGION Vestland. I 2020 har kompetansemeklarane vore involvert i 16 av 33 innsendte forprosjektsøknader til RFF Vestland, og erfaring skal vidareførast.

Kompetansemeklinga har fått ein ny dynamikk under koronapandemien, med utstrekt bruk av digital kontakt, særleg i første fase av meklingsarbeidet. Erfaring er at det i mange tilfelle er praktisk avklarande og passe forpliktande med ei slik første digital kontaktflate. Neste kontakt skjer gjerne fysisk, eller med fleire aktørar til stades i digitale rom. Denne erfaringa vil vi ta med oss vidare etter pandemien.

SINTEF si følgjeevaluering av FORREGION (Finne/Torvatn, 2020) peiker på at det er viktig stadig å utvikle kompetansemekling som verktøy og å arbeide med erfaringsoverføring og gjensidig læring mellom meklarane slik at desse også kan få ein felles plattform å arbeide ut frå. I FORREGION Vestland skal prosjektleiari ha månadlege møte for alle meklarane der vi utvekslar erfaring, drøftar framdrift i prosjektet og samarbeidet med andre aktørar som klynger, næringshagar, inkubatorar og kunnskapsparcar.

Nettverksmøte skal ta utgangspunkt i konkrete problemstillingar med forskingsbehov. Møta skal bidra til delmål 2 ved eit meir systematisk samarbeide med næringshagar, inkubatorar, klynger og kunnskapsparcar om gode arenaer for aktivitet i FORREGION). Desse vert invitert til å organisere nettverksmøte i saman med kompetansemeklarane, som sikrar metode og leier drøfting av problemstillingar. Møta vert følgt opp med kompetansemekling til konkrete bedrifter. I Vestland fylke er det gode erfaringar der kompetansemeklarane bidrar på medlemsarrangement og liknande som ressurs og bindeledd inn mot forskingsmiljø for bedrifter med forskingsbehov. Med organisering av nettverksmøta i eit samspel med andre aktørar ønskjer vi å vidareutvikle den nasjonale samarbeidsmodellen regionalt. Organisasjonen som legg til rette for nettverksmøtet vil få dekka nokre kostnader frå FORREGION Vestland til førebuing, gjennomføring og oppfølging. Vi tenker arbeidsforma også kan binde dei to Kapasitetsløft-prosjekta og mobiliseringsprosjektet nærare saman. «Impact forum», som er etablert i KABIS og under etablering i Teknoløft, bygg på mange av dei same prinsippa som vi ønskjer for nettverksmøta i FORREGION. I desse impact foruma planlegg vi kompetansemeklarane skal få ei styrka rolle. Kompetansemeklarane må dessutan kunne vise bedrifter til andre i innovasjonsøkosystemet, og be desse informere om FORREGION Vestland.

Mobilitet er ein aktivitet FORREGION Vestland ønskjer å bruke til hospitering frå bedrift til FoU-organisasjon eller «Forskar til låns» frå FoU-organisasjon til bedrift. Vi legg ikkje opp til studentmobilitet, der spesielt HVL allereie har godt utvikla system og stor innsats. Vi er bevisst på at ordninga skal vere eit tett samspel mellom partane som inngår i mobilitetsaktiviteten. Dette kan i mange tilfelle vere praktisk utfordrande, men løftar også verkemiddelet til rett nivå. Mobilitet eignar seg til å bygge bru mellom akademien og bedrifter, og er slik eit viktig verkemiddel for å auke absorpsjonskapasitet både i FoU-institusjonar og bedrifter. Her er det også rom for felles prosjektutvikling og mobilisering til bruk av Nærings-phd ordninga.

Forprosjekt har vist seg å fungere som eit viktig trinn i «forskingstrappa», der bedriftene får høve til å avklare nokre første innleiande problemstillingar saman med forskar. Det syner seg også at kompetansemeklinga ofte får ein lettare inngang når forprosjekt er del av «verktøykassa». Det er viktig å halde fast på at denne ordninga er retta mot forskingsumodne bedrifter. FORREGION Vestland vil vere nøye på å tilpasse verkemiddelet i nær dialog med Forskringsrådet, RFF Vestland og forprosjektordninga der.

Tidsplan: Aktiviteten i prosjektet vil få oppstart i januar 2021 og fordele seg ut over heile året.

Virkning og effekter (Impact)

Innsatsfaktor	
Menneskelege ressursar og økonomiske midlar i FORREGION Vestland-prosjektet	
Produkt/tenester (leveranse) i 2021	Brukareffektar i bedrift i 2021
<ul style="list-style-type: none">• 200 unike enkeltbedrifter i kompetansemekling – 1:1 eller mindre grupper• 8 nettverksmøte i samarbeide med andre• 8 mobilitetsprosjekt• 10 FORREGION forprosjekt i forskingsumodne bedrifter.• 2 prosjektverkstader saman med regionansvarlege i Forskringsrådet og RFF Vestland	<ul style="list-style-type: none">• Bidratt til 20 forprosjekt/ kvalifiseringsøknader frå bedrifter til RFF Vestland og Forskringsrådet• Bidratt til 10 søknader til IPN og andre hovudutlysingar i Forskringsrådet og RFF• Bidratt til 4 søknader til Horisont Europa.• Fleire kvinner deltek i forskingsbaserte innovasjonsprosessar i næringslivet
Samfunnseffekt	
Eit styrka økosystem for forskingsbasert innovasjon i Vestland fylke. Næringslivet har auka bruk av forskning som bidreg til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i Vestland fylke	

Kommunikasjon, formidling og målgrupper

Sjå søknadsskjema for detaljar om kommunikasjonsarbeidet.

Samfunnsmessig relevans: Prosjektet skal bidra til å nå samfunnsmåla i utviklingsplanen for Vestland.

Miljøkonsekvenser, etikk, rekruttering av kvinner/kjønnsbalanse

FORREGION Vestland har ambisjon om å bidra til kunnskap i det grøne skiftet og vil kunne gi positive miljøkonsekvensar. Prosjektet har ikkje spesielle etiske utfordringar. FORREGION har i 2020 hatt to viktige kvinneretta prosjekt i Sogn og Fjordane (Kvinneløftet FixIT/FixIT Digital) og Hordaland (Kvinnenettverket Vest ut og fram). Prosjekta var leia av Vestlandsforskning og HVL, der sentrale personar no er med som kompetansemeklarar. FORREGION Vestland vil legge resultat frå prosjekta til grunn i eit målretta arbeide med å få fleire kvinner involvert i forskingsbasert innovasjonsarbeide i bedrifter. FORREGION Vestland har rekruttere minimum 40 % av sine medarbeidarar frå begge kjønn.

Gjennomføring (Implementation)

Strategisk forankring

Alle tre samarbeidspartar har strategiske mål om å mobilisere til meir bruk av forskning. Vestland fylkeskommune har slik forankring i Utviklingsplan for Vestland, medan Vestlandsforskning og HVL har tilsvarande i sine vedtekter og vedtekne strategiplanar.

Ressurs, kompetanse, rolledeling og samarbeid

FORREGION Vestland er organisert som partnerskap med HVL, Vestlandsforskning og Vestland fylkeskommune. Partnerskapet vil gi FORREGION Vestland tydeleg identitet til å fremje forskning i samspel med andre innovasjonsverkemiddel. HVL og Vestlandsforskning har over fleire år vore involvert i kompetansemekling både gjennom FORREGION, og tidlegare VRI, der dei har vist gode resultat. Dei driv kunnskapsutvikling og forskning på regional utvikling og føresetnader i næringslivet. Dei har er tett på næringslivet gjennom regionale samarbeidsarenaer, forskingssamarbeid og bedriftskontakt, høghskulen t.d. gjennom studentoppgåver i bedrift, som gir mange kontaktar med potensial for kompetansemekling.

Samarbeidspartnarane vil kunne komme raskt i gang. Vestlandsforskning har erfaring og nettverk frå kompetansemekling i nordre del av fylket, medan HVL har tilsvarande frå sør i fylket. I partnerskapen ønskjer vi å utnytte miljøa sin kompetanse, erfaring og nettverk til beste for heile Vestland fylke. Det inneber at ein ønskjer å trekke Vestlandsforskning sin aktivitet sørover i fylket (td. innan fagfelt som stordata, klima, reiseliv og landbruk mv.), medan HVL vert trekt nordover (td. gjennom sin desentraliserte campusstruktur og innan marin og maritim industri mv.). Samla har partnerskapen rett fagleg kompetanse, er til stades og har god forståing av geografi, utfordringar og næringsmiljø i heile fylket. Kompetansemeklarane si faglege kompetanse skal nyttast inn mot relevante problemstillingar i bedrifter.

Vestland fylkeskommune har ansvar for prosjektleiing og forvaltar dei søknadsbaserte delane av prosjektet. Vestlandsforskning og HVL utfører kompetansemekling, legg til rette for dei søknadsbaserte aktivitetane og vil få viktige oppgåver i gjennomføring av nettverksmøte.

Kathrin Jakobsen (adm. ansvarleg) leier seksjon for Forsking, kompetanse og internasjonalisering der Jone Engelsvold (prosjektleder) er tilsett. Engelsvold er også sekretariatsleder for RFF Vestland. RFF Vestland har eit eige styre, med politikarar og fagfolk. I løpet av 2021 vil Vestland fylkeskommune vurdere å involvere styret i RFF Vestland sterkare i FORREGION Vestland, med sikte på tettare kopling mellom desse – slik det er drøfta i områdegjennomgangen av næringsretta verkemidlar.

Følgjande personar er knytt til prosjektet:

Vestland fylkeskommune: Jone Engelsvold prosjektleder, Randi Lotsberg (seniorrådgivar) og Siri Hanson (seniorrådgivar). Alle har lang erfaring med regional næringsutvikling og forskingsadministrasjon.

Vestlandsforskning: Torunn G. Hønsi (seniorforskar), Øyvind Heimset Larsen (seniorforskar / koordinator), Hilde G. Corneliussen (seniorforskar), Ida Tidemann-Andersen (rådgjevar), Ivar Petter Grøtthe (forskningsleiar). Alle er tilsett som forskarar med kjernekompetanse innan digitalisering, berekraftig bruk av ressursar, grønt og berekraftig næringsliv, klimaomstilling, reiseliv, lokal mat, kvinner og teknologi og internasjonalisering. Alle har erfaring frå arbeid med næringsliv og fleire har vore kompetansemeklarar før.

HVL: Øyvind M Berge (koordinerande, førstelektor), Øystein Stavø Høvig (1.am), Ranveig Litlabø (1.am), Øyvind Østrem (rådgjevar), Tom Hiis Bergh (rådgjevar), Marit Eggen (høgskolelektor), Aina Isdal Haugland (rådgjevar), Sigurd Handeland (professor II, UiB). Alle er tilsett ved Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling. Særleg kompetanse innan energi, maritim sektor, marin sektor og teknologiområdet. Alle er i 2020 kompetansemeklar i Mobiforsk (Hordaland). Personane ved HVL vil ha 20 % eller 50 % stilling som kompetansemeklar.

HVL med Berge og Vestlandsforskning med Heimset Larsen vil koordinere kompetansemeklarane som to team i kvar sin organisasjon. Jone Engelsen vil ha løpande kontakt med koordinatorene ved HVL og Vestlandsforskning, og elles leie månadlege møte med alle involverte i prosjektet. Desse møta vil i første rekke vere digitale, som ein har god erfaring med i 2020. Etter Covid 19 vert det også fysiske samlingar.

Budsjett	Budsjett per år, i hele 1000 kroner
Hovudaktivitetar	
Forprosjekt i bedrift – midlar til utlysing	1 000
Kompetansemekling HVL	2 300
Kompetansemekling Vestlandsforskning	1 300
Nettverksmøter -	600
Mobilitet – midlar til utlysing	800
Prosjektleiing –timar Vestland fylkeskommune, sjå søknadsskjema	
Kommunikasjon – sjå søknadsskjema	
SUM	6 000

Tabellen viser bruk av Forskningsrådet si finansiering av kr. 6 000. I tillegg kjem Kr. 1 800 i eigeninnsats som fordeler seg slik: 900 til eigenutført tid kompetansemekling. 450 til eigenutført tid administrasjon. 450 kontant frå Vestland fylkeskommune til kommunikasjon (50) og forprosjekt (400) (sjå søknadsskjema)

Risiko

Utviklinga av Covid-19 er usikker og restriksjonar for fysisk møteverksemd utgjør ein risiko for gjennomføring av prosjektet som planlagt. I 2020 har det vore utstrekt bruk av nettbaserte møte og den gode erfaringa med slike metodar gjer at risikoen i prosjektet likevel ikkje vert så stor. System for bruk av digitale verktøy skal det jobbast vidare med.

To fylke er slått saman, og mange aktørar er nye for kvarandre og ny prosessar og samarbeidsmåtar må utviklast. Dette vil kunne påverke samarbeid om forskningsmobilisering. FORREGION Vestland vil delta på andre sine regionalt initierte arenaer som femner over tidlegare fylkesgrenser. Dette skjer både innan næringsklyngene, i fylkeskommunal samanheng som Regionalt FoU- forum og på konferansar mv. Det er også mykje å lære frå HVL, som nyleg har vore gjennom ei samanslåing.

Referansar:

EY, 2020 - EY-rapporten Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid Finne/Tovak, 2020. SINTEF, <https://www.sintef.no/prosjekter/folgeevaluering-av-forregion/SINTEF>
Forskningsrådet, 2020 – Indikatorrapporten. <https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/>
HVL,2020, «Drivers of regional economic restructuring»: <https://app.cristin.no/projects/show.jsf?id=593661>